



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Protokoll frå møte i Bore sokneråd onsdag 20. mars 2019

Møtestad: Bore kyrkjekontor

Frå saksnummer: 16/19

Til saksnummer: 24/19

Av soknerådet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:

Nicolai Homme (leiar)
Arvid Kaspersen (nestleiar)
Kjersti M. Berge
Jens Kåre Stokka
Hans Voll
Dagfinn Steinnes
Borghild Friestad (varamedlem)
Ivan Fjeld, sokneprest

Andre:

Arne Tveranger og Elin Anita Garpestad, dagleg leiar

Meldt forfall:

Marit Høie

**Me stadfestar med underskriftene våre at det som er ført i
protokollen er i samsvar med det som vart vedteke på møte.**

**Me starta soknerådsmøtet med å nytte god tid til
mat, opning og bøn.**

Innkalling til møte i Bore sokneråd 20.03.2019 vart godkjend.

Protokoll frå møte i Bore Sokneråd 19.02.2019 vart godkjend.

SAK 16/19**Samtale om arbeidet****Drøfting**

God oppslutning, 40 stk. Det var ei positiv og god stemning mellom folk. Folk hadde lite å utsetja på drifta av menigheten. Fleire delte vitnesbyrd. Flott at det går an å snakka ærleg om livet. Trur det «sat igjen ei god kjensle» etter ei flott gudsteneste. Folk responderte i lita grad på tema for dagen, men det har kome gode tilbakemeldingar i ettertid. Det kom ikkje fram så mykje handfast å ta tak i for stab og sokneråd. Konklusjonen må bli at me er på rett sport i arbeidet. Likevel må det synleggjerast for heile menigheten at me har behov for større plass. Kanskje me kan få filma ved nokre høve/trusopplæringstiltak for å visa menigheten plassbehovet vårt.

Forslag til vedtak

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Vedtak

Soknerådet tek dei positive signala frå årsmøtet til etterretning og er glad for det. Menigheten må få eigarskap til plassbehovet. Dagleg leiar utfordrar folk i menigheten til å laga ein film med fokus på plassbehov.

SAK 17/19**Inkludering i menigheten****Drøfting**

Soknerådet hadde ei god drøfting av korleis vi tek imot homofilt samlevande i menigheten.

Forslag til vedtak

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

SAK 18/19**Rekneskap 2018****Drøfting****Forslag til vedtak**

Bore sokneråd vedtek rekneskapen for 2018. Mindreforbruket kr 32 749,29 vert sett på soknet sitt ubunde driftsfond.

Vedtak Bore sokneråd vedtek rekneskapen for 2018. Mindreforbruket kr 32 749,29 vert sett på soknet sitt ubunde driftsfond.

SAK 19/19 Budsjett 2019 - revidering

Drøfting Framlagt budsjett viser bruk av ubunde fond for å koma i balanse. Dette vart påpeika i møtet og korrigeringar er gjort.

Forslag til vedtak Budsjett for 2019 vert vedteke.

Vedtak Budsjett for 2019 vert vedteke med endringar gjort i møtet.

SAK 20/19 Weekendkomitè 2019

Drøfting Fint at komitéen vert sett saman i god tid før sommaren. Pr. i dag har me ein som har sagt ja, i tillegg til Ivan. To er nesten sikre. Me må få med 3-4 stk. til.

Forslag til vedtak Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Vedtak Dagleg leiar høyrer med nokre aktuelle.

SAK 21/19 Bilete i Bore kyrkje

Drøfting Soknerådet ønskjer god kvalitet og vil be Atea montera ein skjerm for å prøva ut korleis dette vil vera og virka i kyrkjerommet. Det virkar framtidsretta med skjermar, i staden for projektor, og dette gir oss moglegheiter for fleire skjermar til dømes for organistar, forsongarar og prest/klokkar i koret.

Forslag til vedtak Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Vedtak Soknerådet ønskjer at Atea monterer ein skjerm for forsøk. Arne Tveranger tek kontakt med Atea.

SAK 22/19 Gudstenestelista hausten 2019

- Drøfting** Semesteroppstart, 25. august må få eit «jubelpreg». Helga 13. – 15. sept. med Tweenshelg og besøk frå Nederland krev meir planleggjing og tilretteleggjing. Stab arbeider med dette.
- Forslag til vedtak** Gudstenestelista hausten 2019 blir vedteken.
- Vedtak** Gudstenestelista vert lagt fram på ny ved neste møte.

SAK 23/19 Bønnekonferanse

- Drøfting** Mykje lovsong og bøn, ikkje så stort fokus på tale. Spanande historiar som tyder på at Noreg skal «stå i heilag brann». Enhet mellom kristne er viktig. Interessant å høyra synet på Noreg frå folk frå andre land.
- Forslag til vedtak** Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.
- Vedtak** Soknerådet tek erfaringane frå bønnekonferansen til orientering og oppmuntring.

SAK 24/19 ORIENTERINGSSAKER

- Drøfting** Orienteringssakene blei lagt fram.
- Forslag til vedtak**
- Vedtak** Soknerådet tar saka til orientering